



**Sveio kommune**



**Statens vegvesen**

## «Fv. 47 Nordre avkøyring til Sveio sentrum»

Planid:

# Føresegner til detaljreguleringsplan

### § 1. GENERELT

#### 1.1 Generelt

Føremålet med planen er å utbetre krysset mellom fv. 47 og fv. 6 for å skapa eit trafikksikkert kryss frå fv. 47 mot Sveio sentrum. Krysset skal kanalisrast for å oppnå betre trafikksikkerheit.

Reguleringsplanen består av føresegn datert 05.09.2017, planomtale datert 05.09.2017 og plankart datert 05.09.2017.

Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor området som på plankartet er markert med stipla line (plangrense), sjå teikning R001.

#### 1.2 Reguleringsføremål

I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (pbl.) er areal regulert til følgjande føremål i planen;

#### **Bygningar og anlegg (pbl. §12-5, nr. 1):**

1900 – Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål

#### **Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2):**

2011 – Køyreveg

2015 – Gang-/sykkelveg

2019 – Annan vegggrunn - grøntareal

#### **Grøntstruktur (pbl. §12-5, nr. 3):**

3900 – Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål

#### **Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl. §12-5, nr. 5):**

5900 – LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål

## Føresegner for reguleringsplanen Fv. 47 Nordre avkøyring Sveio

### 1.3 Omsynsoner og bestemmelseområder

I samsvar med §12-6 og §12-7 i plan- og bygningslova er følgjande omsynssoner og bestemmelseområder nytta i planen;

#### **Omsynsoner (pbl. §12-6):**

140 – Frisikt

#### **Bestemmelsesoner (pbl. §12-7):**

091 – Anlegg- og riggområde

## **§ 2. FELLESFØRESEGNER**

### 2.1 Generelt

Føresegnene gjeld innanfor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner for Sveio kommune.

Mindre avvik i skråningsutslag vil kunne inntreffe som følgje av feil og manglar i prosjekteringsgrunnlaget. Dette kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål kan avvika noko frå det som går fram av føremåls grensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytande føremål.

Kommunen kan, når særlege grunnar taler for det, gje løyve til mindre endringar i reguleringsplanen.

Etter at reguleringsplanen er stadfesta, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegnene.

Før anlegg vert sett i verk, skal det liggje føre byggeplan etter Statens vegvesen sin standard.

### 2.2 Universell utforming

Prinsipp for universell utforming skal liggje til grunn ved prosjektering og utbygging av veganlegget.

### 2.3 Terrenghandsaming

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplan, og gjennom gjennomføringa av anleggsarbeidet. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg skal gå fram av byggeplanane. Eksisterande vegetasjon skal så langt råd er, takast vare på.

Murar som vedkjem veganlegget skal utførast i naturstein. Det kan nyttast andre murtypar, dersom det ikkje er teknisk mogeleg, eller svært kostbart å etablere natursteinsmur.

Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal utførast mest mogeleg forsiktig og med omtanke for terreng og utsjånad.

## Føresegner for reguleringsplanen Fv. 47 Nordre avkøyring Sveio

Det skal sikrast ein forsvarleg handtering av avrenning frå fyllingar og midlertidige massedeponi. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget.

### 2.7 Sikring av kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeid kjem fram kulturhistoriske funn, må arbeidet straks stansast og Hordaland Fylkeskommune v/fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden jf. Kulturminnelova §8, 2.ledd.

### 2.8 Ytre miljø

Det skal i anlegget tas omsyn til ytre miljø og dei krav som vert stilt i tabell 2 (Innspel til YM-plan) under punkt 4.6 i planomtalen skal følges i vidare planlegging og anlegg.

Det skal vurderast om det er naudsynt med spesielle tiltak under anleggsdrifta med omsyn til vasskvaliteten i Mannavatnet.

Det må ikkje tilførast jord som inneheld framande skadelege planteartar. Primært skal stadeigen jordmasse ivaretakast og nyttast innan planområdet.

## **§3. Rekkefølgeføresegn (pbl. §12-7, nr. 10)**

Opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, skal være ferdig seinast 1 år etter opning av veganlegget.

Områda nytta til anleggs- og riggområde skal være tilbakeført seinast 1 år etter opning av veganlegget.

## **§4. Bygningar og anlegg (pbl. §12-5, nr. 2)**

### 4.1 Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål

Arealet merka BA1 nyttas til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet BA1 avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

## **§5. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)**

### 5.1 Køyreveg – offentleg (o SKV)

Kjøreveg merka (o\_KV) skal være offentleg køyreveg inkluder vegskuldre, der restriksjonar for frisiktsone gjeld.

### 5.2 Køyreveg – felles (f SKV)

Køyreveg merka f\_SKV skal være private felles køyrevegar.

Vegen merka f\_SKV3 er felles for eigedommane som i dag har tilkomst på Solstadvegen. Vegen skal kunne nyttast til tilkomst til anlegget under bygging.

## Føresegner for reguleringsplanen Fv. 47 Nordre avkøyring Sveio

### 5.3 Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast som vist i planen og ferdigstillast samtidig med veganlegget. Områda merka o\_SGS1 og o\_SGS2 er offentlege gang- og sykkelvegar.

### 5.4 Anna veggrunn

Anna veggrunn omfattar sideareal med murar, rekkverk, skjeringar, fyllingar, grøfter, grøntområde, vollar, stabiliserande tiltak og liknande. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte, i samsvar med byggeplan, jf. § 2.3.

Anna veggrunn grønt, som er nytta i planen, vil primært være grøntområder og grøfter, men vil og kunne nyttast til rekkverk, skilt og andre mindre vegrelaterte konstruksjonar.

Dersom det vert behov for mindre endringar i areal avsett til køyreveg eller gang- og sykkelveg, kan areal for anna veggrunn nyttast til dette.

## **§6. Grøntstruktur (pbl. §12-5, nr. 3)**

### 6.1 Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål

Arealet merka G1 nyttas til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet G1 avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

## **§7. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl. §12-5, nr. 5)**

### 7.1 LNFR-formål kombinert med andre angitte hovudformål

Areala merka LNF1-LNF3 nyttas til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet LNF1-LNF3 avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

## **§8. Omsynssoner og bestemmelseområder (pbl. §§ 12-6 og 12-7)**

### 8.1 Frisiktsone

I frisiktsoner skal det vere fri sikt i ei høgde 0,5 m over terrenget.

### 8.2 Rigg- og anleggsområde

Alle områda som er merket med bestemmelseområde # kan i anleggsperioden nyttas til rigg- og anleggsområde, dette kan være anleggsveger, lagerplass for bygningsmateriell og matjord i ranker, mellomagring av masser, sortering av masser og midlertidig oppstilling av maskiner.

Bestemmelseområde #1 skal nyttast minst mogleg under anlegget av omsyn til Mannavatnet.